



Utsikt mot Trogfjell  
< Åmfoss kafe



## Telemarksvegen

-hovedvegen til det norske eventyret

### Telemarksvegen

Vegen til opplevingar og attraksjonar basert på urnorske tradisjonar, historier og norsk bygdekultur. Strekinga er merka med telemarkstavane, som kvar og ein har si historie frå bygdene langs Telemarksvegen.



Åmli bakeri



Pano Interiør / Kafibaren Waldemars Børs



### Åmli og beveren

Åmli er beverkommunen framfor nokon, og har difor bever i kommunevåpenet sitt. På slutten av 1800-talet var beveren nær utrydding, og berre ein liten stamme på 60-100 dyr var att, med hovudsete i Åmli. Herfrå blei beveren eksportert til store delar av verda. På Elvarheim museum finn du i tillegg til mange andre ville dyr utstillinga "det vesle folket", som viser beverens liv over og under vatn. Her er det både film, utstoppa beverar, ei beverhytte og montrar som dei minste kan krype inn i og utforske.

**Museet er ope i sommarsesongen tysdag – søndag mellom kl. 12.00 og 17.00 frå byrjinga av juni til midten av august, samt enkelte søndagar elles i året og på førespurnad til kommunen.**



Åmli aktivitets- og badepark, ligg litt utanfor sentrumsløypa, er lett å kome til og har parkering, toalett, grillplass og sandvolleyballbane. Svært barnevennleg. Skilta frå Åmfoss bru.



Lengde: 1,8 km, ca. 1 time  
Kulturminne/bygdevandring



ÅMLI KOMMUNE  
- BYGDA FOR ALLE

# Sentrumsløypa



Åmli rådhus og kongleinstallasjonen  
Åmli rådhus med stasjonsparken

Åmli kommune er ein vandrekkommune med både lange og korte turar. Denne sentrumsløypa går gjennom og rundt sentrum, lett tilgjengeleg for store og små. Det meste av løypa er også for rullestolbrukarar. Løypa kan startast og avsluttast der ein finn det best, men skiltinga tek til sørenden ved avkøyringa frå RV41. Det er fleire plassar ein kan parkere. Frå Rådhuset følger ein gata fram til Åmfoss bru, her er det ei rundløype og ein avstikker over brua til vestsida av Nidelva.



Åmfoss bru / Barnehagebesøk på Grånheia

# Sentrumsløypa

1. Biblioteket
2. Rådhuset
3. Madam Askland
4. Åmfoss bru
5. Elvarheim
6. Trogfjellstigen
7. Det gamle apoteket
8. Grånheia
9. Den gml. kyrkjegarden
10. Åmli kyrkje

